

Referat styremøte i Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane

Stad: Digitalt møte

Dato: Fredag 20. desember 2024 0900 - 1015

Styret: Styreleiar Ivar Kvalen, nestleiar Gunhild Berge Stang, styremedlem Rune Hegrenes, styremedlem Magni Aa Berge, styremedlem Knut Arve Helle, styremedlem Therese Nesset, styremedlem Siri Sandvik (gjekk i frå 0955).

Administrasjonen: Synnøve Bjørset, Thomas Walle, Janne Gimmestad, Jan Heggheim.

Saker til handsaming

Sak 34/2024 Budsjett 2025 (vedtakssak)

Ingen orienteringar

Sak 34/2024 Budsjett 2025 (vedtakssak) (Janne Gimmestad/Jan Heggheim)

Administrasjonen ved Janne Gimmestad og Jan Heggheim hadde innleiingsvis ei orientering om budsjettet og føresetnadene. Denne orienteringa er lagt ved referatet.

Tiltak i budsjett 2025

Tilskot

Det er føresett ordinære tilskot frå stat, og kommunane i Sogn og Fjordane-regionen.

Kjende prosjektløyvingar er hensyntatt i budsjettet.

Eigeninntekter

Inntekt frå butikk, kafe og sal av inngangsbillettar følgjer forventta besøk. Det er eit mål om auke i prosjektinntekter frå dagens nivå, som og er lagt inn i budsjett 25.

Løn og personale

Dei sentrale lønsforhandlingane er forsinka, og vert gjennomført i desember 2024. Dei lokale lønsforhandlingane vert tilsvarande forskyvd, og vart gjennomført i januar 2025. Difor er det

nokre forutsetningar som er lagt til grunn for lønskostnadene i budsjett 25, som kan gje eit anna nivå på lønsbudsjettet når vi veit kva som vert forhandla fram.

Vi har måtte berekne lønsgrunnlaget for utgongen av 2024, og lønsauke i 2024 er forutsatt å vere 2,9% (lønsramme 5,2% minus lønsglidning og overheng). I 2025 forventar man ein reduksjon i forhold til 2024, ned til 4,6%. Vi har lagt inn 2,5% lønsauke i 2025.

Faste tilsette i forhold til grunnbemanning og mellombels stilling på Tinghuset fram til august er med, tilsvarende 59,65 årsverk. I tillegg kjem timetilsette på dei ulike musea til kafe, sommerverter til ferieavvikling og vikarar.

Oppstart av to stillingar i 2025; bygningsvernrådgjevar i Sogn og HR konsulent.

På grunn av tilsettingstopp i MiSF er stillingar der tilsett går av med pensjon, ikkje vidareført i dette budsjettet.

Pensjonskostnad er i siste NRS berekning frå KLP berekna til MNOK 5,675 i 2025 mot MNOK 5,838 i 2024, og det er avsett for denne kostnaden i budsjett 2025. Pensjonsforplikting (langsiktig gjeld i balansen) er i same oppstilling berekna til å vere MNOK 16,3 i 2025 mot MNOK 18,6 i 2024.

Det er sett av ein sum til leiarutvikling i MiSF (200 000). Dette beløpet kan strykast om vi ser at vi treng det.

To personalsamlingar; ei dagsamling og ei med overnatting.

Drift

Ferdigstilling av hall 1 på Kystmuseet, tak og kontor, toalett og inngang. Oppgradering av brannsikring på KSF i tråd med nytt brannkonsept.

Utstillingsrom på Sunnfjord Museum vert oppgradert over 2 år slik at lokalet er klart for jubileum i 2026.

Drift av Tinghuset og etterkvart vernebygg for Holvikejekta som etter planen opnar i juni 2025.

Det vert arbeidd vidare med brannkonsept og sikring på Vågsberget og SUM.

Har så smått tatt i bruk FDV (forvaltning, drift og vedlikehald)-programmet LAFT og vil utvide bruken i 2025.

Framleis leigde lokale i Førde i påvente av innflytting av samling i Tinghuset, og kostnader til dette også i 2025.

Straumkostnader er aukande også hos MiSF, ligg på ca 2 millionar. Energiltak er under vurdering, men dreg ofte med seg investeringskostnad.

Reinhald vert halde på eit minimum, og vi vurderer frekvens for reinhald i 2025.

Der er rekna med noko utbetring av verkstaden på DHS, men vi kjem ikkje i mål med avsett sum.

Administrasjon

Møtekostnader – 4 styremøte og møte i utvida leiargruppe og leiargruppe.

Advokatkostnad i samband med avhending av Jotunet i Florø og Eidet i Sogndal. Prosessen er lik avtale for Vamråk.

Forsikring

Forsikring av bygg og driftsbygg, samling, kunst og personale med meir vert samla hos tilbydarane KLP og AXA. Vi brukar forsikringsmeglar, Nordmegling, som hjelper oss i arbeidet med plassering av forsikringsdekningar.

Kontigentar

I tillegg til medlemskap i Museumsforbundet og Virke, er det nytt av året at vi i 2025 vil vere medlem av Balansekunst.

Bygningsantikvarisk arbeid

Arbeid på Hemrebui, Løsetloftet og Heggdalsloftet vert vidareført.

På Løsetloftet vert det gjort eit større arbeid som skal vere klart til jubileum i 2026. På Vågsberget skal det utbetrast roteskader på Stabburet (med eksterne midlar).

Samlingsforvaltning

Det er fokus på vidare innflytting i Tinghuset, og det er teke høgde for kostnader relatert til det arbeidet.

Drift av Haugefisk inkl. bidrag til Haugefisks Venner.

Kulturhistorisk

Det er gjort nokon tilpassingar i opningstider for å redusere lønskostnader på det enkelte museum.

Diverse utstillings- og formidlingsprosjekt

Kunst

Felles utstillingsprosjekt mellom kunstavdelinga og Tinghuset

Eigenutvikling varer Astruptunet

Utstillings-og formidlingsarbeid

Tiltak som ikkje er med i budsjett 2025

Marknadsføring/kommunikasjon

Digital visningstur Fjordkysten og Sunnfjord

Deltek ikkje på Norwegian Travel Workshop pga kapasitet og behov for produktutvikling

Redusert nettsideutvikling

Utsett skiltnorm, men ser til skiltarbeid gjort på Astruptunet og det arbeidet som skal gjerast på vernebygget for Holvikejekta.

Det er ynskje om å hente ut data/informasjon rundt effekt av marknadstiltak og ein tettare integrasjon mellom digital booking, sal, marknadstiltak og økonomi er målet. Dette kan medføre utskifting av kassesystem som ikkje er teke omsyn til i budsjett 25.

Drift

Det kunne vore gjort meir på brannsikringssida, det er mellom anna utsett innkjøp av ny brannsentral på Vågsberget

Kjem ikkje i mål med uteområdet utenfor inngangspartiet på Nordfjord Folkemuseum og ikkje HC inngang

Det tek lenger tid å verte ferdig med tiltak på bygg.

Gartner Astruptunet ligg ikkje inne

Samlingsforvaltning

Innkjøp av personlift til Tinghuset er utsett.

Ikkje inndekning for alt materiale på Tinghuset.

Bygningsantikvarisk

Ikkje sett av nok midlar til vedlikehald og reparasjon, kan påverke aktivitet ved det enkelte museum.

Kulturhistorisk

Det er redusert i opningstidene i skuldersesong og tatt ned på materiell til info/marknadsføring for å kutte i kostnader.

Større behov for digital infrastruktur og drift på Norsk Reiselivsmuseum.

Kutt i andre deler av organisasjonen påverke aktivitet i kulturhistorisk avdeling.

Kunst

Midlar til utvikling av 1. etasje på SFKM og samlingsutstilling i 3. etasje ikkje teke høgde for i 2025

Det er alltid behov for belysning i utstillingar

Audioguide til bruk i formidling

Sikringstiltak i Astruptunet

Konservering av malerier

Vedtak:

Styret vedtek det framlagde budsjett med totale inntekter på 80,9 mill og kostnader på 82,3 mill som Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane sitt budsjett for 2025.